

2011

# Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtak f-sak 007/2012

Sirdal sokneråd 22. februar 2012

# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemد

### *Samansettning fram til valet*

Reidun Sirnes – leiar  
Inger Johanne Ousdal – nestleiar  
Solveig Haugom  
Johannes Hompland  
Svein Hompland  
Kenneth Omlie.  
Egil Netland, kommunen  
Sigurd Flydal sokneprest  
1. vara: Stein Bergsåker  
2. vara: Velaug Ådneram

### **Nytt sokneråd blei valt i haust:**

Arnhild Bjørndal – leiar, Inger Johanne Ousdal – nestleiar, Johannes Hompland, Svein Hompland, Velaug Ådneram og Kent Seland. Egil Netland og Sigurd Flydal er framleis med i soknerådet. Netland møter berre i fellesrådssaker.  
1. vara: Ingunn Tonstad  
2. vara: Solveig Haugom

### **Saker**

Soknerådet har i 2011 hatt 7 møte og behandla 48 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret og Tonstadli. 24 saker har vore soknerådssaker og 24 har vore fellesrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med året som har gått har vore mellom anna arbeid med ny gudstenesteliturgi, planlegging av nytt blad i Sirdal i samarbeid med kulturkontoret, handikap-tilgong ved Kvævemoen kapell, tilbygg kyrkjesta og førebuing av kyrkjevalet i september.

### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Reidun Sirnes  
Johannes Hompland  
Inger Johanne Ousdal  
Per Sverre Kvinlaug,  
arbeidstakarrepresentant (KFO)  
Hanne Fodstad,  
arbeidstakarrepresentant (MFO)

### **Forhandlingsutval:**

Reidun Sirnes  
Johannes Hompland  
Inger Johanne Ousdal  
Per Øistein Rogstad (dagleg leiar)

### **Gudstenesteutval**

Arnhild Bjørndal  
Inger Johannes Ousdal  
Anne Turid Solberg Garnica  
Johannes Hompland  
Siv Olaug Lindeland Tonstad  
Gunnlaug Seland  
Hanne Fodstad  
Sigurd Flydal

### **Undervisnings- og konfirmantutval**

Laila Øksendal

Kenneth Omlie  
Ester Tjørhom  
Jørgen Tjørhom  
Per Sverre Kvinlaug(til 31.07)  
Inger Solveig Høyland (01.08)

### **Diakoniutval**

Tone Marit Bjørnestad  
Kent Seland  
Solveig Haugom  
Velaug Ådneram  
Karen Kristine Sinnes  
Asta Lunde

### **Komit  for gr n kyrkjelyd**

Per Øistein Rogstad  
Inger Johanne Ousdal

### **KN- komit **

Sven-Egil Testad  
Per Øistein Rogstad

### **Syskenringen(fr  kyrkjelyden)**

Sigurd Flydal  
Inger Johanne Ousdal  
Per Øistein Rogstad (til 31.07)  
Ragnhild Maria Sandvik (fr  01.08)

### **Misjonsutval Tonstad**

Turid Skregelid  
Per Øistein Rogstad


### **Misjonsutval  vre Sirdal**

Aserbajdsjanforeininga

# 2. Personal

### **M l for 2011:**

- Arbeide for god rekruttering til stillinger i kyrka lokalt.



Totalt har soknerådet 4,08 årsverk Som er fordelt slik:

- 100 % Kyrkjeverje
- 100 % Organist
- 100 % Kyrkjelydsarbeidar
- 71 % Kyrkjetenar
- 37 % Reinholdar



Det var ein rekrutteringsutfordring då Per Sverre Kvævemoen slutta som kyrkjelydsarbeidar etter 11 år 31.07.2011. Frå 01.08.10 –01.08.11 hadde han bare 20 % stilling. Hanne Gallatin og Anne Grethe Jønsdal var i mindre vikariat i denne perioden. Etter annonsering og direkte kontakt med aktuelle sokjarar, var vi veldig takksame for at vi fekk tilsett Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland i stillinga, med 50 % kvar. Frå 01.09.11 auka dei begge til 60 %, dei siste totalt 20 %, er vikariat fram til 01.08.12 for organist.

Elin Liland overtok reinhaldsstillinga ved Kyrkjesenteret frå 01.09.2011, det var Kristin Liland som hadde stillinga fram til då.

Sigurd Flydal hadde permisjon frå prestestillinga si 1. halvår. I denne perioden vikarierte Paul Daavand og Ingvild Simonnes. Også Reidulf Krossli Ljøkell hadde nokre gudstenester. Vi var glade for å ha Sigurd Flydal tilbake frå 1. august.

### 3. Verksemda – administrasjon, bygg og anlegg

#### A. Kyrkjene

Mål for 2011:

- Handikaptoalett og opprusting av Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje. (kr 500.000)
- Handikaptilgang og toalett ved Kvævemoen kapell (kr 900000)

Det største løftet i 2011 var tilbygg ved Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje, både for å få handikaptoalett og

### 4. Verksemda - kyrkjelyd

#### Statistikk

	2009
Gudstenester o.l.	73
Deltakarar	5445
Snitt pr gudsteneste	74,6
Dåp	22
Konfirmantar	18
Vigslar	4
Gravferdar	11
Konsertar/musikkandaktar	
Deltakarar	

tilgang for alle til Kyrkjestova. Snikkararbeidet blei utført av Sirdal Handlaft og målararbeidet av Sirdal Malerservice. Møterommet har blitt utvida med noko av det gamle toalettarealet, og det har blitt eit tenleg rom for babysong, ungdomskor og andre møte.



Til handikaptilgang ved Kvævemoen fekk ein tilsegn om rentekompensasjonsmidlar i 2011, Men planane vert godkjend først på nyåret i 2012. Det har vore ei krevjande sak og soknerådet har drøfta ulike modeller. Den løysinga ein valde til slutt, har tilgang på vestsida av kapellet til kjellaren. Dette gjev betre tilkomst og større tryggleik for kjellaren. Noko brannsjefen har gitt uttale om. Også Råd for funksjonshemma i Sirdal har støttet den løysinga som ein har kome fram til.

### B. Kyrkjegardane

Mål :

- Legge til rette for at kyrkjegardane er gode stadar å vere for sør gjande og andre som ferda der.

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Kyrkjegardane er stadig i utvikling.

ASVO har ansvar for stell av legatgravene ved Skeihaugen og Haugom kyrkjegard. Siw Omlid steller gravene ved Lunde kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 16 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og 2 på Haugom. Dei fleste gravstellavtalene er basert på at det blir betalt inn ein sum som står disponibel for gravstell. Frå 2003 fekk vi fleire som ønskete å betale inn gravstellet år for år.

	2010	2011
	72	66
Gudstenester o.l.	5307	4766
Deltakarar	73,7	72,2
Snitt pr gudsteneste	26	25
Dåp	21	22
Konfirmantar	10	6
Vigslar	24	17
Gravferdar	14	13
Konsertar/musikkandaktar		
Deltakarar	1153	1117

## A. Gudstenesteliv

### Mål

- Arbeid med gudstenesteforning i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøte skal vedta april 2011.

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som arbeidar for å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. Gudstenesteutvalet arbeidde med ny liturgi gjennom hausten, og saka blei lagt fram for soknerådet i januar 2012, og framlegget er handsama på soknemøte i Tonstad 22. januar og Kvævemoen kapell 29. januar.

Talet på gudstenestedeltakarar gjekk ned med 541 frå året før. Dette skuldast mellom anna litt færre gudstenester, 66, i 2011, mot 72 i 2010. Mellom anna blei barnehagegudstenestene før jul bytta ut med julevandringar. Også ein skulegudsteneste før sommaren gjekk ut. Desse arrangementa hadde 200 deltagarar i 2010. I tillegg blei fellesgudstenesta med kyrkjelydane i Setesdal arrangert i Valle, og er ikkje ført hos oss. I 2010 hadde denne gudstenesta 100 deltagarar i Sirdal. Julegudstenesta blei flytta til Lunde frå Kvævemoen. Det ga også 90 færre besøkande. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2011 vore arrangert mellom anna:

Årsfest på Lunde skule 20. mars

Friluftsgudsteneste på Kvinen langfredag 6. april og Olsok 31. juli.

Heile 130 deltok på friluftsgudsteneste på Sporkland 2. juni i samarbeid med kommunen og historielaget. 13. juni 2. pinsedag var det gudsteneste på Tjørhom Helsehus 13. mai. Gudstenesta på Heimrestøl på Homplandsheia 7. august gjekk ut på grunn av dårleg vær. Fellesgudsteneste med Valle og Bykle blei denne gong flytta til Valle kyrkje.

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkjene. Det har vore vekslande frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke guds-tenester og andaktar rundt i kommunen. Laurits Bauge var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for andakten i Ålsheia på skjærtorsdag og gudsteneste i Øvre Sirdal. Familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan har blitt eit populært tilbod for mange turistar, nærmere 100 var til stades i år. Også andakten på Josdal er godt innarbeid. Tore Haugom er ein trufast andakts-haldar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia.

To spennande prosjekt i 2011 var myldregudsteneste for dei minste i Tonstad kyrkje i mars og Barnas dag i Kulturhuset 13. november. Det var tredje gong vi hadde desse arrangementa. Særleg Barnas Dag samlar mange menneske. Denne gong hadde ein invitert barnekor frå nabobygdene til eit stort kortreff.

## B. Kyrkjemusikk

### Mål:

- At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet

Gjennom meir enn 30 år har Hanne Fodstad dirigert Tonstad barnekor, men i haust blei koret overtatt av Ragnhild Maria Sandvik. Dei hadde 13 medlemmer i vår og 12 i haust, det var litt færre enn i fjor då medlemstalet låg på 16. Ragnhild Maria overtok også jentekoret Cantarellene i haust, og dei hadde 8 songarar mot bare tre i vår. Begge kora deltok på gudstenester og konsertar i kyrkja. Barnekoret framførde julespelet «Englenatt» på Sirdalsheimen 21. desember. Jentene i Cantarellene hadde Lucia-tog på Rådhuset på Lucia-dagen 13. desember. Hanne Fodstad gjer ein flott jobb med Sirdal Blandakor. Koret har hatt eit aktivt år med mange konsertar. 24. mars hadde dei konsert i lag med Kristina Jølstad Moi i Tonstad kyrkje, med keltiske songar frå «Fyll mitt seil». I slutten av mai var dei på Bryne i lag med Jærklang og Hjelmeland kyrkjekor, der dei igjen song i lag med Kristina Jølstad Moi. «Fyll mitt seil» blei også framført i Kvævemoen kapell under Sirdalsdagane, men då med Ragnhild Maria Sandvik som solist. 15. mai hadde koret med seg Vest-Agder kammerkor på framføring av «Misa Popular Salvadoreña» i Tonstad kyrkje.



Eit anna høgdepunkt var framføringa av Stjerna fra øst med Geirr Lystrup i Tonstad kyrkje 6. desember, med Ingrid Berg som solist.

Per Sverre Kvinlaug leda Sirdal ungdomskor i vår, men i haust låg koret nede. Eit nytt ungdomskor starta opp i januar 2012 med Ruth Julianne Kydland og Ane Bendikte Haugom som dirigenter, og Ragnhild Maria Sandvik som vaksenleiar

Andre konsertar i Tonstad kyrkje som kan nemnast:

15. januar var det konsert med Duo da Lontano

7. juli orgelkonsert med Ingrid Berg

22. juli gospelkonsert med Kevo Juice frå Kenya

26. august hadde Tore Thomassen familieforestillingen Da froskene kom, konserten var i samarbeid med Kirkefestspillene i Kristiansand.

## C. Undervisning – barn og ungdom

### Mål for perioden:

- At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette område. Øvre Sirdal ungdomsklubb er ikkje aktiv. På nyåret 2012 kom det i gong med skulelag på Sinnes skule. Storsamlingane for barn i Kvævemoen kapell samla om lag 12 barn frå 4 -10 år, dette er eit samarbeid mellom det som var barnekoret Sing Bell og

sundagsskulen på Tjørhom. I Kvævemoen kapell var det Tårnagenthelg for barn frå 7-10 år i januar i fjor. Dette er eit spennande tiltak som vil bli følgd opp på Tonstad i vår.

Kyrkjemøtet vedtok ny plan for trusopplæring i 2009, og den utfordrar oss til å tenke nytt om arbeidet. Konfirmantarbeidet er ein viktig del av ungdomsarbeidet som vi nyttar store ressursar på. Babysong og småbarnssong har blitt ført vidare i 2011. Vårsemesteret hadde Anne Grethe Josdal og Hanne Fodstad dette, mens i haust overtok Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland. Frå 2012 blir dette flytta frå Bedehuset til Kyrkjestova.

## D. Diakoni og misjon

### Mål for perioden

- At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.
- Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane
- Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd

### Misjon/internasjonalt engasjement

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeidar blant afrikanske studentar samt innvandrarar med ulik bakgrunn. Dette er eit særskilt arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnen.

Øvre Sirdal støtta eit misjonsprosjekt i Aserbajdsjan, der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Det nye soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del.

### Diakoni og eldrearbeid

Vårsongkveld på Tjørhom har kome i staden for dei tradisjonelle eldefestane. Dette er eit samarbeid mellom diakoniutvalet, Sirdal blandakor og Sirdal trekkspillklubb. Diakoniutvalet har delt ut songboka Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubilantane fekk ein bordkalender eller blomar.

Vi har nå fått til ein godt innarbeide tradisjon å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag på Sirdal høyfjellshotell.

### Vegkyrkje og open kyrkje

Det var ikkje nokre opne kyrkjer i år. Under Sirdalsdagane var det kafédrift i regi av NMS si misjonsforeining på Tonstad i kapellkjellaren. Dei selde også lodd til basaren deira.

### Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere gode forvaltarar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka. Ein har hatt saka til drøfting i soknerådet i året som gjekk for å gi dette arbeidet enda meir innhald.

## E. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. For tredje gang var det Sprell levande samling på Eliastunet 8. mai. 150 store og små var samla. Dette er noko ein vil helde fram med. 6. mai 2012 blir Jarle Waldemar med på denne samlinga.

24. september arrangerte dei fellesskapskveld i Tonstad kyrkje med Lennart Larsson. 2. påskedag i Haugom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntenning på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement.

## F. Samarbeid med skule og barnehage

I løpet av 2011 har det vore 2 skulegudstenester for Sinnes og 3 for Tonstad skule. 5.klasse har fått utdelt nystestamente og har hatt eit kurs i bruk av dette i tre skuletimar. Som tidlegare år har det vore påskesamling i begge barnehagane. 4. klassingane var invitert til Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje for å sjekke kyrkja. Nytt av året var julevandring for 3-5 åringane, der barn og tilsette frå barnehagen dramatiserte juleevangeliet i kyrkjerommet saman med kyrkjelydsarbeidrar, prest og organist. Det var også nytt at 1- og 2-åringane hadde si eiga jule-samling i barnehagen med forteljing og formingsaktivitet. Begge tilboda vart godt motteke.

## G. Informasjonsarbeid

Dette er eit prioritert område. Då Sirdølen varsla at avis ville gå inn som papiravis frå 2012, sette soknerådet i gong eit arbeid for å få til eit kyrkjelydsblad. Etter 215 kyrkjesider er det no historie, og i samarbeid med kulturkontoret vil vi få bladet Kyrkje og kultur i Sirdal frå februar 2012 som skal sendast til alle husstandar fire gongar i året. Ein eigen redaksjonsnemnd er sett ned for å arbeide med bladet. Nettsida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no) har godt besøk. Gjennom den når vi ut til ulike grupper. Avisen Agder hentar notisar til avis. Ein viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykja nytta i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men kan også med hell nyttast mot vaksne.

## H. Demokrati:

Måndag 12. september blei kyrkjeval gjennomført over heile landet. For andre gong var det også direkte val av medlemmer til bispedømmeråd/kyrkjemøte. Lokalt deltok 270 ved soknerådsalet, 20 fleire enn sist, og 202 ved bispedømmerådsalet som var seks mindre enn sist. Det ga ei oppslutning på 23,2 % (21,5 % i 2009) ved soknerådsalet og 17,4 % (17,9 i 2009) ved bispedømmerådsalet. Sirdal ligg med det omlag dobbelt så høgt som landssnittet. Ved tidlegare val har mellom 3-6 % stemt ved soknerådsalet. Ved soknerådsalet blei alle stemmene godkjende. Ved bispedømmerådsalet syner ein uoffisiell gjennomgang at meir enn 10 % i Sirdal måtte underkjennast pga. feil.

Det er eit klart inntrykk at mange opplevde valordninga for bispedømmeråd som for komplisert.

Ordninga med valkort, val same dag og samlokalisering med kommune- og fylkestingsvala, har ført til langt høgare valdeltaking. Det er tydeleg at samlokalisering slo positivt ut for kyrkjevalet. På Tonstad var vallokalet på Kyrkjesenteret, medan kommune- og fylkestingsvala gjekk føre seg i Rådhuset. Her var oppslutninga langt lågare enn ved dei andre valstadane der valet var i same lokale som dei politiske vala.

Det kan sjølv sagt vere andre grunnar også til at valoppslutninga var mindre på Tonstad.

Alderssamansettning mellom veljarane kan spele inn, for det kan sjå ut til at det var fleire eldre som brukte røysteretten sin ved kyrkjevalet.

Som forsøksordning var det røysterett for 15 åringar ved Kyrkjevalet. Berre ein under 18 år nyttar seg av den her i Sirdal, og det var det same som sist. Det er tydeleg at denne informasjonen anten ikkje har nådd fram til gruppa eller ikkje er blitt sett som relevant nok til å nytte røysteretten.

## 5. Rekneskap

	2009	2010	2011
Driftstilskot, kommune	2394000	2478000	2563000
Tilskot andre driftstiltak	400000	400000	200000
Tilskot frå staten	27406	0	21880

### Diposisjonsfond

Restkonto Øvre Sirdal	35098	35098	35098
Restkonto Tonstad	26816	26816	26816
Avsett til salmebøker	30000	30000	30000
Disposisjonsfond pr 31.12:	362614	454529	536038
Årets overskott/underskot:	0	81509	9711

Ofringar til andre organisasjoner	162749	146656	138987
Innsamling til Fasteaksjonen	49820	43538	43897
Offer til kyrkjelydsarbeidet	26270	28786	27575
Kollektar ved konserter	21553	18559	18233

## 6. Framtidsutsikter

I arbeidet med budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015 formulert soknerådet desse måla:

### D. Mål for 2012-2015

- Gjennomføre tilstandskartlegging av kyrkjene
- Automatisk brannslokking ved Tonstad og Lunde kyrkjer
- Markere 50-årsjubileum ved Kvævemoen kapell i 2012
- At alle kyrkjene blir malt etter behov
- Fullføre tilrettelegging av alle kyrkjene for funksjonshemma
- Kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sorgjande og andre som ferdast der.
- Automatisk ringeanlegg ved Kvævemoen kapell
- Utarbeide lokal plan for trosopplæring i tråd med sentral plan som blei vedtatt på Kyrkjemøte november 2009.
- Lokal diakoniplan – vidareutvikle det diakonale arbeidet i tråd med sentralt vedtatt plan
- Arbeid med gudstenestefornying i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøte skal vedta april 2011.
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt

### E. Prioriteringar 2012

- Utarbeide tilstandsrapportar ved kyrkjene (kr 75.000)
- Måling av Lunde kyrkje (kr 150.000)
- Jubileum ved Kvævemoen kapell 50 år (75.000 kr)